



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Dykkar ref.:

Vår dato: 12.08.2013

Vår ref.: 2013/4991

Arkivnr.: 562

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstuen
0301 Oslo

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

200802265-85
511
KE/ERBJ

Klage på vedtak om konsesjon til etablering av Gilja vindkraftverk, Gjesdal

Fylkesmannen i Rogaland klagar på NVE sitt vedtak frå 26.06.2013 om å gi konsesjon for bygging av Gilja vindkraft. Hovudgrunngevinga for klagen er at anlegget er i strid med Fylkesdelplanen for vindkraft i Rogaland, og i stor konflikt med viktige landskaps-, friluft- og naturverdiar. I konsesjonsbehandlinga er det ikkje tatt omsyn til negative sumverknader av ei omfattande vindkraftutbygging i regionen.

Vi viser til Dykkar ekspedisjon av 26.06.13 med orientering om vedtak.

Bakgrunn

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har gitt Fred. Olsen Renewables AS konsesjon for bygging og drift av Gilja vindkraftverk med nettilknytting og tilhøyrande infrastruktur. Anleggskonsesjonen gir rett til å bygge og drive følgjande elektriske anlegg:

- Gilja vindkraftverk med samla installert effekt på inntil 135 MW.
- Ein 22/132 kV transformatorstasjon sentralt i planområdet.
- Ei 132 kV kraftleidning frå planområdet til transformatorstasjon i Gilja
- Naudsynt høgspenningsapparatanelegg

Fylkesdelplan for vindkraft

Den tildelte konsesjonen kjem i konflikt med Fylkesdelplan for vindkraft i Rogaland, og set sjølve hovudgrepet i planen til side. Det går fram av konsesjonsbehandlinga at fylkesdelplanen ikkje er lagt til grunn ved behandlinga av konsesjonssøknaden. Dette er sterkt i strid med plan- og bygningslova sine reglar om tverrsektoriell samordna regional planlegging, som skal følgjast opp av lokal, regional og statleg verksemd. I og med at fylkesdelplanen legg opp til omfattande utbygging av vindkraft i Rogaland, stiller me oss uforståande til at vindkraftprosjekta ikkje blir kanalisert til dei områda der konfliktnivået er lågast og som planmessig er avklart i gjeldande regional plan.

For Jæren-/Dalane-regionen er det nå gitt nærare 10 konsesjonar i nei-område i fylkesdelplanen. For kvar ny konsesjon som blir gitt i strid med fylkesdelplanen, blir denne svekka som reiskap for behandling av vindkraftsøknadar. Omfanget av konsesjonar som er gitt i nei-områda i planen er nå så omfattande at planen i praksis ikkje lengre er styrande for behandling av vindkraftsøknadar.

Biologisk mangfold

I Naturbase er det punktfasta hekkeplass for hubro i grenseområdet for vindkraftområdet ved Mjåland, men denne lokaliteten er så vidt vi kan sjå ikkje vurdert. Registreringa er frå midten av 80-talet, og den kan ha gått ut i mellomtida. Det er uansett veldig sannsynleg at hubro brukar området aktivt i dag. Derfor har også NVE pålagt konsesjonær å undersøke området nærare for å avklare eventuell hekking i området ved Dypingen. Ved eventuelt funn skal det utarbeidast ein detaljplan, som etter godkjenning av NVE, skal *”sikre hensynet til arten”* og slik at tiltaket ikkje vil *”være i strid med forvaltningsmålet for arten, jf forvaltningsmålet i NML §5”*.

Me betviler sterkt at det er mogleg å detaljplanlegge seg ut av trusselbildet for hubro. Justeringar av lokaliseringar av vindturbinar eller kraftliner har lite å seie for ein art som nyttar store område til jakt og trekk. NVE bagatelliserer problemstillinga vidare ved å vise til at *”utredninger”* konkluderer med at hubroen i hovudsak opererer i luftrom som gjør at den ikkje er spesielt utsatt for kollisjonar med vindturbinar. Det er ikkje oppgitt noen ytterligere referanse til slike undersøkingar. Sjølv om hubro som regel flyr i andre høgder enn ørner, ser me tvert imot ingen grunn til å tro at hubro skulle vere mindre utsatt for kollisjon enn desse artane.

1 eller 2 territorium av kongeørn er berørt av planområdet. NVE synes å konkludere i si oppsummering at utbygginga kan ha ein viss påverknad på desse para, til dømes redusert ungeproduksjon. Det blir tatt for gitt, også for øvrige fugleartar som hubro, at tiltaket vil ha ein mogleg effekt på dei individa som er i området i dag, og ikkje utover det. Det som faktisk kan skje, er at det på grunn av kollisjonar oppstår kontinuerleg ledige territorium som tilsvarande fyllast opp av ungfugl på leiting etter eigna leveområde. På den måten kan vindkraftverk bli honningfeller og få store negative konsekvensar. Me minner om at daude fuglar er svært vanskeleg å finne utan intensiv overvaking, og det er derfor krevjande å dokumentere slike effektar.

Den samla belastninga er stor for truga og fåtallige artar i vår region, ikkje minst på grunn av dei mange konsesjonsgitte vindkraftanlegga. NVE skriv om hubro:

”Ved en storstilt utbygging av vindkraftverk i Rogaland kan det derfor tenkes at den regionale bestanden kan påvirkes. NVE legger imidlertid til grunn at hubrobestanden i store deler av regionen er mettet, og at det ikke er sannsynlig at alle de planlagte vindkraftverkene i regionen vil bli bygget.”

Me har fleire merknader til dette resonnementet. For det første vil den regionale bestanden utan tvil bli påverka av dei konsesjonar som er gitt. Vårt utgangspunkt må vere at alle dei gitt konsesjonane vil bli bygd ut. Det er betenkeleg dersom NVE sitt utgangspunkt for i si behandling av dei ulike søknadane at bare eit fåtal av dei vil bli bygd ut. Dessutan er NVE sin antaking om at hubrobestanden er *”mettet”* lite haldbar. Fakta er at hubrobestanden er på tilbakegang i omtrent heile landet, og har eit særdeles lågt bestandstal. Status på Norsk raudliste viser dette heilt klart.

Me saknar ei betre grunngiving frå NVE for å gi konsesjon på tross av biologisk-mangfaldinteressene i Gilja-området. Konklusjonen er basert på manglande fagdokumentasjon og feilaktige premisser.

Naturmangfaldlova

I konsesjonsbehandlinga er det ikkje gjennomført ei konkret vurdering i forhold til naturmangfaldlova sine prinsipp for offentlege avgjerder. Dei vurderingane som er lagt inn i konsesjonsbehandlinga i høve til naturmangfaldlova, er forenkla og manglar dokumentasjon. I hovudsak er det tatt stilling til § 10 om "samla belastning", men det er utelukkande gjort for hubro, og ikkje på verknadene av vindkraftanlegget samla sett. Fylkesmannen saknar ei vurdering av den samla belastninga frå alle vindkraftkonsesjonane som er gitt i Jæren-/Dalane-regionen.

Frafjordheiane landskapsverneområde

Tiltaket vil indirekte påverke fire verneområde i nærleiken, men det er i særleg grad Frafjordheiane landskapsvernområde kor konsekvensane blir store. Det er særleg viktig å relatere landskapskonsekvensar til landskapsvernområdet og verdien av dette. Truleg ligg kring 30 % av landskapsvernområdet innanfor ein 10 km influenssone frå vindkraftanlegget, mens konsekvensutgreiinga omtalar det som at ein liten del av verneområdet blir indirekte påverka. Legg ein fylkesdelplanen si influenssone til grunn, vil påverka del av verneområdet auke ytterlegare.

INON

Vindkraftanlegget vil gi ein direkte reduksjon av INON-areal på snautt 12 km², mens område som vil opplevast å bli påverka av tyngre tekniske inngrep, vil bli vesentleg større. Den visuelle influenssona til vindkraftanlegget omfattar fleire store INON-område, både av klasse I (3-5 km) og kvalifisert villmark (> 5 km). Dette gjeld Vålansnuten i vest, Frafjordhatten og Kvernavassheia i nord og aust, og Oraheia/Kvitlen i sør. Sistnemnde har villmarksområde, mens dei andre har soner med klasse I. Dette illustrerer godt at den inngrepsfrie karakteren er eit framtrèdande landskapstrekk i planområdet og influenssona.

Fylkesmannen vurderer at vindkraftanlegget sine verknader på INON vil bli store negative. NVE har tillagt INON noko vekt i si konsesjonsbehandling, men viser likevel til at bortfall av INON er noko som må forventast ved ei vindkraftutbygging.

Det er ikkje gjort vurderingar av sumverknader av bortfallet av INON-område som følgje av alle dei tildelte vindkraftkonsesjonane i Jæren/Dalane-området. Samla sett vil eit tosifra tal INON-område forsvinne eller bli vesentleg reduserte om alle dei tildelte konsesjonane blir realiserte. I tillegg vil mange INON-område som ligg inntil vindkraftanlegga bli negativt påverka. Rogaland har lite inngrepsfri natur igjen, og for kvar ny konsesjon som blir gitt, vil stadig større del av Jæren/Dalane-regionen stå tilbake utan INON-areal. Fylkesmannen ser alvorleg på at INON ikkje blir tillagt vesentleg vekt i denne saka, etter det omfattande bortfallet av INON-område som allereie har skjedd gjennom tildelte vindkraftkonsesjonar. Det er viktig at NVE som konsesjonsstyresmakt tar sin del av ansvaret for å sikre at inngrepsfri natur blir tatt vare på i samsvar med nasjonale mål.

Friluftsliv

Konsekvensutgreiinga til konsesjonssøknaden vektar friluftsverdiane og friluftinteressene i omsøkt område for lågt slik Fylkesmannen vurderer det. Av dei 21 omtalte friluftlokalitetane er det berre 2 som er vurdert til å ha stor verdi; Gloppedalsura og Månafossen, samt Brekko som er vist med middels/stor verdi. Dette står i skarp kontrast til verdsettinga i fylkesdelplanane. Dei store areala

kring Frafjordhatten og Fidjadalføret med heiområda over til Øvstabødalen og sør til Vallresknuten står med nasjonal bruksverdi. Eit større område mellom Eikjeskog og Mån i Fidjadalen er sikra med statlege midlar som friluftsområde. Sjølve planområdet med Vallresknuten, er vist med regional bruksverdi i fylkesdelplanen. Fylkesmannen meiner at verdien av friluftsområdet rundt Vallresknuten er betydeleg høgare enn det som er lagt til grunn i avgjerda til NVE.

I Rogaland er det ikkje gjennomført systematisk kartlegging av friluftsområde etter Handbok 25 frå Direktoratet for Naturforvaltning. Det er likevel vår vurdering at store delar av det påverka området vil kome i klassen for *svært viktige* eller *viktige* friluftsområde, basert på handboka sine kriterium. Det er gjennomgåande verdiar av regional og nasjonal verdi som blir påverka, enten direkte eller ved at influenssona går inn i friluftsområda. Arealstorleik som blir påverka, vernestatus, langvarig status som regionalt/nasjonalt viktige område (her i blant sikra med statlege midlar), dels stor og aukande brukarfrekvens, høg landskapsverdi, samt grunnfjellsplatået si nakne inngrepsfrie høghei/fjellkarakter, gjer at verdi, omfang og konsekvens blir vesentleg høgare enn konsekvensutgreiinga legg til grunn. Samla sett vurderer Fylkesmannen konsekvensane som svært store negative for friluftslivet.

Landskapsinngrep

Eit underkommunisert tema under konsesjonsbehandlinga er det omfattande omfanget på dei irreversible landskapsinngrepa som dette anlegget krev. Det å få plassert ut vindturbinane i terrenget vil krevje høg grad av terrengbearbeiding i form av sprenging og fyllingar, og massehandtering vil bli ei tung problemstilling. Landskaps-/naturinngrepa vil bli omfattande. Omfanget av desse naturinngrepa/masseforflyttingane vil bli vesentleg større her enn for eit gjennomsnittleg vindkraftanlegg. Fylkesmannen vurderer dette som ein vesentleg mangel ved konsesjonsbehandlinga at det blir tatt så lett på slike store landskapsinngrep.

Konklusjon

Fylkesmannen i Rogaland klagar på NVE sitt vedtak frå 26.06.2013 om å gi konsesjon for bygging av Gilja vindkraft. Hovudgrunngevinga for klagen er at anlegget er i strid med Fylkesdelplanen for vindkraft i Rogaland, og i stor konflikt med viktige landskaps-, friluft- og naturverdiar.

Konsesjonsbehandlinga oppfyller ikkje saksbehandlingsreglane i naturmangfaldlova. I konsesjonsbehandlinga er det ikkje tatt omsyn til negative sumverknader av den omfattande vindkraftutbygginga i regionen.

Med helsing

Tora Aasland

Marit Sundsvik Bendixen
fung. fylkesmiljøvernsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Morten Sageidet
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 11
E-post: fmromos@fylkesmannen.no

Kopi til:

Rogaland fylkeskommune	Sentrum Postboks 130	4001	Stavanger
Miljøverndepartementet	Postboks 8013 Dep.	0030	Oslo
Gjesdal kommune	Rettedalen 1	4330	Ålgård
Olje og energidepartementet	Postboks 8148 Dep	0033	Oslo
Direktoratet for naturforvaltning	Postboks 5672 Sluppen	7485	Trondheim